

Campusmøte på nett HVL Førde måndag 9. feb -26 kl 11.

Tilstades: Bjarte Håvik (leiar), Bente Egge Søvde, Per Christian Engdal, Gizem Atez Venås, Sigurd Sandvold, John Tveit (observatør), Roger Henning Normann, Alexander Dalset (student), Birk Tangen (student), Inger Marie Lien (observatør), Irene Valaker, Hans Jakob Reite (sekr) og Maren Stallemo (gjest)

Sak 1/26: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Sak 2/26: Arealsaka på campus Førde.

Campusmøtet kjem med denne uttalen til Økonomi- og arealdirektør Helge Skugstad:

1: Takk for god informasjon på lunsjmøtet ved HVL/Førde fredag 23. januar. Det er avgjerande viktig at informasjon og prosess også vert god framover. Campusmøta vil følgje arbeidet i arbeidsgruppa framover.

2: God arealdisponering legg eit grunnlag for god campusutvikling. Vi bed om grundig vurdering av tenleg samlokalisering av undervisarar/forskarar i begge fakulteta ved HVL – samt aktuelt personale i Helse Førde/UiB-Vestlandslegen. Vi må få vurdert tverrfaglege grupper si plassering i romdisponeringa slik at det fremjar samhandling på tvers.

3: Det er avgjerande viktig at HVL ved flytting av SIM-Arena til Helse Førde sine lokale på Angabygget får god tilgang for studentar og tilsette. Dette gjeld både gode bookingsystem og god tilrettelegging for fagleg/sosiale møte- og læreplassar. Vidare må vi finne balanse mellom kva aktivitetar som skal flyttast ned i Angabygget og kva aktivitetar som skal vere på HVL/Vie-bygget. Vi må få ein samla arealbruk som tek omsyn til studentområde, kontorplasseringar, labar og anna undervisnings/forskningsareal slik at vi får høve til å utvikle levande campus.

4: Campusmøtet er samd i at vi må vurdere arealdisponeringa for heile campus. Vi må vurdere dette retta mot at vi er på veg til å verte universitet og vi må legge til rette for internasjonalisering på campus. Artemis vert viktig. Vidare må vi vurdere tenleg romdisponering i høve til framtidige eksamensformer. Det må også takast høgde for at bioingeniørstudiet (Vestlandsbioingeniøren) vonaleg vil trenge plass i Førde.

Sak3/26: Nytt frå institutta v/Bente og Per Christian

Sjukepleie:

- Studentrekruttering står i fokus. Vi fekk eit gledeleg stort januarkull på 55 studentar no i -26.

- Vi er aktive i rekrutteringsarbeid opp mot vgs i området.
- Det er VR-dag i samarbeid med Vilje helseklynge og Helse Førde 25. mars.

Teknologi:

- Markant vekst i robotikk/elektromiljøet på campus. Treng meir plass.
- Prosjekt om helseteknologi. Vi kartlegg trongen for kompetanse innan helseteknologi saman med Helse Førde og kommunar i regionen.
- Rekrutteringsarbeidet er avgjerande. Også med besøk på vgs.

Sak 4/26: Rekrutteringsarbeid - Open dag - Samarbeid med Sogndal.

Det kom framlegg om å arrangere Open dag som presenterer alle studietilboda for vgs annakvart år i Førde og annakvart år i Sogndal – og då med heile Sogn og Fjordane-regionen som nedslagsfelt.

Aksjonspunkt: Bjarte tek dette vidare saman med dei to andre prodekanane og rekrutteringsansvarleg Stine Stangeland Bach.

Sak 5/26: Artemis: Oppdatering og korleis det verkar inn på campusutviklinga.

Maren Stallemo orienterte. Sjå vedlagd PP.

Sak 6/26: Ymse

Roger tok opp saka om studentjobb. Ved å utvikle tilbod om fagrelevante studentjobbar kan campus gjere seg meir attraktiv for søkjarar. Saka vert utvikla vidare i FTMS, og kjem opp att i Campusmøtet ved seinare høve.

Møtet slutt kl 12